

Samde om vinnarane: Kjøkensjefane Tina Marie Dingsøy Vik (t.v.) og Hanne Frosta dømmer i finalen mellom sju bidrag. Ein av finalistsiderane var laga utan tilsett sukker.

Ein smak av sol og sider



Salsbuer frå Bondens marked i Bergen fylte laurdag plassen utanfor Tunet i Øystese. Under telttaka fann ein det same som ein tidvis gjer i byen: bønder, gardsmat og ymse skjenk.

ÅSMUND SOLDAL

Epla vert raude og søte også i regnvåte somrar, medan torghandlerane trivst best i sol. Ein kunne sjå døme på bae delar på marknaden i Øystese laurdag. Handelen gjekk livleg både hjå pølseseljarane og i buer der ein kunne kjøpa bakverk, frukt og gourmetmat. Stian Krog og Kai Sindre Solheim

Frå venstre:

Marknad: Dei kvite telta til Bondens marked i Bergen lyste opp i Øystese.

Dekor: Amalie frå Norheimsund vidaregåande skule dekorerer Sondre (4). Han vil vera tiger.

var kanskje dei største entusiastane på frukt- og siderfestivalen. Mellom saft- og siderseljarar misjonerte dei ihuga for øl.

– Me ynskjer å spreia kunnskap om god ølkultur, og prøver å presentera produkt frå mikrobryggeri som lagar annan drykk enn den endelausa straumen av lyst, kjedeleg pilsnerøl frå dei store bryggeria, seier Krog.

Selde alt

Publikum kjøpte alt duoen frå øl-

klubben Vanø Bergen hadde tek med. Seljarane forsikra at korkje profitt eller plikt hadde lokka dei til Øystese. Dei kom for å spreia budskapet om at det finst smaksrike alternativ til pilsen.

Entusiastane ikkje var meir fundamentalistiske enn at dei stakk over til Nils Lekve for å ta eit glas sider då dei var utselde. Det var kanskje ikkje så dumt. Siderprodusenten frå Ulvik tok nemleg dei to fyrste plassane i sidertevlinga.

I teten nok ein gong

Gerd Lysen frå Tørvikbygd knivar kvart år om sidermeistertittelen. I år vart ho nummer tre, og var den beste amatøreren.

Hardanger saft- og siderfabrikk i Ulvik vann med ein sprudlande variant framføre merket Kvasshovden frå same produsent. Gutorm Inge Fykse frå Fykse vart nummer fire, Hakestad gravenstein frå Ulvik nummer fem, Kjell Jensen frå Ålvik nummer seks og Magne Lysen frå Tørvikbygd

nummer sju. I alt var 30 sidervariantar med i tevlinga.

– Stadig betre sider

Ingen skal enno ha prøvd å dokumentera at år med frukt- og siderfestival i Øystese har tilført fruktdyrkinga mykje nytt, men dei som har peiling på slikt, synest at sideren stadig vert betre. Mangeårig sidersmakar og -dommar Kjell Sekse seier at nesten alle som deltok i sidertevlinga i år, sende inn prøvar av god og i det





I mors fotefar: Magne Lysen greidde ikkje å slå mamma Gerd i sidertevlinga, men han ligg hakk i hæl.



Blinkskot: Borna fekk knusa eple av hjartans lyst.

minste brukbar kvalitet. Han trur at grunnen er dei årlege sidertevlingane og Bioforsk sine faglege råd. Sekse var konferansier medan dommarpanelet – Jon Tor Espe, Olav Røneid-Hansen, Tina Marie Dingsøy Vik og Hanne Frostad – smaka seg fram til vinnarane av dei sju finalistane.

Lite, men bra frukt

Sider- og fruktforskar Eivind Vangdal i Bioforsk meiner amatørane framleis har litt å læra.

– Det er ikkje til å koma utanom at det framleis kjem eddiksmakande sider til tevlinga, men dei gode er verkeleg gode, seier han.

Vangdal opplyser at det er mangel på eple i haust. Sukkerinnhaldet er bra, sjølv om sommaren har vore regnfull. Det lovar godt for sideren neste år, meiner han.

– Vêret gjorde alt

Festivalen baud på meir enn årets og fjorårets avling frå frukthagen.

Ihuga seljarar falbaud alt frå småkaker til hundre hestekrefters traktorar. Det var konstant kø framføre buene til gardsmatverksemdene. Hjø Stall Stuve, som stilte med ekte hestekrefter, gjekk ponniane i skytteltrafikk med små ryttrarar på ryggen. Borna kunne også tevla om å kasta nedfallsfrukt på blink eller få andletet dekorert med måling. Eit solslikkande publikum gjorde trappene utanfor Kabuso til eit "fugleberg".

Arrangørane Even Øyri og

Marit Buttingsrud tippa at publikumstilstrøyminga var om lag som på rekordmarknaden i fjor. Buttingsrud seier at ho vert glad om festivalen går i balanse. Showet og dansen i Øystesehallen om kvelden lokka to hundre til hypnoseframsyninga og fire hundre på dansen. Ifølgje Buttingsrud var frammøtet i minste laget til å gje overskot. Ho opplyser at publikumsaktivitetane på tre fruktgardar søndag var prega av regnvær, men ho veit ikkje korleis oppslut-

naden var.

– Årets festival vart ein suksess berre på grunn av vêret. Tenk på laurdagen vart ein strålende solskinsdag mellom alle regnbygene. Eg merka at publikum naut det, seier Buttingsrud.

Tilreisande gjester

Anne-Lise Nybak frå Sørum og Odd Flindt Hermansen frå Bergen fortel at dei kom eins ærend til Øystese for å oppleva marknaden.

– Eg er interessert i kortreist mat. Torgseljarane her er svært oppfinnsame når dei presenterer varene sine, seier Nybak.

Flindt Hermansen seier at marknaden innfridde forventningane. Han lika særleg gardsmattilbodet.

Frå venstre:

Ølmisjonærer: Stian Krog (t.v.) og Kai Sindre Solheim ynskjer å utfordra dei store bryggjeria.

Tilreisande: Anne-Lise Nybak frå Sørum og Odd Flindt Hermansen frå Bergen synest det passar å drikka eit glas sider stående når ein er på siderfestival.

